

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - Q10, TI - &13	16/666

Saknr	Utval	Type	Dato
101/2016	Formannskapet	PS	20.10.2016

Fråsegn til høyring om utgreiing om Ringveg aust og E39 nord i Åsane

Vedlegg:

Journalposttittel

Høyring - Utgreiing av Ringveg øst og E39 nord i Åsane

Dato

29.08.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Saksopplysningars:

Bakgrunn og fakta:

Statens Vegvesen har i brev av 24.08.2016 sendt ut utgreiing om Ringveg aust og E39 nord i Åsane ut på høyring med frist 18. november for tilbakemelding. Utgreiinga er ei vidareføring av KVU/KS1 for transportsystemet i Bergensområdet (2011), der Regjeringa i april 2013 fastsette at «aktuelle prosjekt og tiltak må vurderes trinnvis.» I KVU er det tilrådd å starta planprosess for Ringveg aust. Arbeidet er også ei oppfølging av vedtak i Bergen bystyre den 18.06.2014 (sak 165 – 14) der bystyret ber om at det vert gjort ei ny utgreiing om trase og kryssløysingar for E39 mellom Åsane og Nordhordlandsbrua.

I høyringsbrevet vert det veklagt spesielt å få inn synspunkt knytt til val av korridor og synspunkt om planprosess med eventuell statleg plan.

I brevet står det mellom anna følgjande:

Arbeidet som vert lagt fram viser at spørsmålet om Ringveg øst (flytting av E39) og løysing nord i Åsane er samansett og komplisert. Litt forenkla kan ein seie at ein i tillegg til «nullalternativet» har tre konsept å velje mellom:

1. Ikkje flytte E39, satse primært på auka restriksjonar
2. Konsept «vest» via Eidsvåg, kombinert med auka restriksjonar
3. Konsept «øst» via Arna, kombinert med auka restriksjonar

Ingen av konsepta eller kombinasjonane som er utgreidd, verken det å satse berre på byggeprosjekt eller auka restriksjonar, vil gi positiv måloppnåing på alle identifiserte mål og behov. Dei gir ulike trafikale verknader. Det er også klart at bygging av ny E39 vil krevje store investeringar og ha klart potensial for arealkonfliktar.

- Statens vegvesen si vurdering er at byområdet er best tent med konsept «øst» via Arna i kombinasjon med prinsipp «N1», «N2» eller «N3» nord i Åsane, jamfør tilråding og grunngjeving i kapittel 7.2 og 7.3. Det vert tilrådd å starte formell planprosess med kommunedelplan etter Plan- og bygningslova.
- Det kan vere aktuelt med statleg kommunedelplan etter §6–4 i PBL. Dette er eit stort samferdselsprosjekt der nye løysingar for det overordna riksvegnettet direkte og indirekte berører fleire kommunar. Slik vi ser det, kan det her potensielt oppstå stor usemje om val av løysing. Det må også forventast at det kan oppstå konfliktar mellom lokale og nasjonale interesser. Ringveg øst vil her ha grensesnitt med statleg plan for E16/jernbane Arna–Stanghelle.

Høyringsinnspel vil oppsummerast og vere grunnlag for vidare arbeid med planprogram. Vi ber spesielt om uttale til:

- Val av korridor
- Planprosess med eventuell statleg plan

Vurdering

Rådmannen vil vise til at det er svært viktig for heile utviklinga av Nordhordland at framtidig og endelegr trase for E39 nord for Åsane vert landa. Strekninga frå Klauvaneset til Haukås er både trafikkfarleg og representerer ein stor flaskehals med kødanning og tidstap for alle typer trafikantgrupper.

Utgreiinga skriv mykje om problem knytt til utslepp frå biltrafikken, og dei store utfordringane Bergensdalen har med når leg luft på grunn av dette. Her vil ein påpeike at det skjer ei stor dreining i bilparken i Norge mot meir eller mindre utsleppsfree bilar (elbilar, hydrogen, hybrid) og at det for deler av denne bilparken er viktig å ha korte og effektive transportkorridorar. Mesteparten av trafikken frå Nordhordland til/frå Bergen går mot sentrumsområdet (Midtsona), og då er korridorene som går lengst vest i Åsane frå Nordhordlandsbrua det optimale for denne trafikken. Spesielt for kollektivreisande frå Nordhordland, men også for dei som nytta bil. Ut frå kriteriet om å redusera reiseavstanden og difor også reisetida til/frå sentrum bør både N4, N5 og N6 vektleggjast som gode korridorar. Det er likevel mange omsyn som må takast i den saka, og det er difor vanskeleg å konkludere på kva som likevel bør veljast.

Når det gjeld etappevis utbygging meiner rådmannen at ein må prioritere omlegging av E39 mellom Åsane og Nordhordlandsbrua så snart som mogeleg.

Konklusjon

Saka vert lagt fram til drøfting.

Formannskapet - 101/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet har gjort seg kjent med innhaldet i utgreiinga og tar denne til orientering.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Utgreiing om Ringveg aust og E39 nord i Åsane vert tatt til orientering.